

### Åpning av det 129. ordentlige Storting.

President: Per Hysing-Dahl.

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfiant Hans Majestet Kongen og Hans Konelige Høyhet Kronprinsen seg tirsdag den 2. oktober kl. 13 i stortingssalen ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

**Hans Majestet Kongens** tale til det 129. ordentlige Storting ved dets åpning:

Herr President, folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gagn for fedrelandet.

Arbeidet for sikkerhet, nedrustning og fred vil fortsatt være en hovedoppgave. Norsk utenrikspolitikk vil bygge videre på et nært samarbeid i NATO, og aktiv innsats i FN og andre internasjonale fora.

Det vil bli lagt stor vekt på samarbeidet i Norden, i EFTA og Europarådet, og overfor EF og dets medlemsland. Et godt naboforhold til Sovjetunionen er av vesentlig betydning.

Forsvaret vil bli styrket.

Norge vil spille en aktiv rolle i internasjonal samarbeid for å styrke menneskerettighetene og hjelpearbeidet for flyktninger. Bevilgningene til utviklingshjelp vil bli foreslått øket, med særlig sikte på de fattigste land. Arbeidet med å gjøre bistanden mer effektiv vil fortsette. Regjeringen går inn for samarbeid med næringslivet for å øke de private overføringer til utviklingslandene.

Regjeringen vil fortsette arbeidet med å styrke vekstkraften i landets økonomi, for å trygge sysselsettingen, og utvikle velferdsfunnet videre. Dette krever blant annet økede muligheter for omstillinger og nyetableringer i industri og næringsliv, stimulering av konkurranse, og fortsatt arbeid for å begrense pris- og kostnadsveksten. Det vil bli foreslått øket satsing på forskning og teknologisk utvikling.

Arbeidet for å stimulere norsk eksport av varer og tjenester og trygge skipsfartens adgang til markedene vil bli tillagt stor vekt.

Det vil bli foreslått skattelettelser for personer, familier og bedrifter.

Regjeringen vil fortsette en sterk innsats i kampen mot arbeidsløsheten. Det vil bli lagt særlig vekt på tiltak for å sikre ungdom opplevelser eller arbeid.

Det vil bli ført en aktiv distriktpolitikk med særlig prioritet til Nord-Norge og ensidige industristeder.

Det vil bli fremlagt forslag til ny lov om

Norges Bank og en melding om merverdiavgiftssystemet.

Effektivisering av den offentlige virksomhet, og forenkling og begrensning av offentlige reguleringer, vil fortsette.

Det vil bli fremlagt meldinger om Norsk Vegplan, Televerket, Postverket og transport av funksjonshemmede. Regjeringen vil videre legge frem forslag til endringer av samferdselsloven og reisebyråloven.

Landbrukspolitikken vil bli ført videre etter de hovedlinjer som Stortinget har trukket opp. Det vil bli fremlagt en melding om næringsspolitikken i skogbruket.

Arbeidet med å gjøre fiskerinæringen mer rasjonell og lønnsom vil fortsette. Omsetningen av fisk vil bli søkt forenklet og effektivisert. Innsatsen for å utnytte de store vekstmuligheter innen oppdrett av fisk, vil bli styrket.

I petroleumsvirksomheten tar man sikte på en langiktig utnyttelse av ressursene til beste for hele samfunnet, og reell folkevalgt kontroll med utviklingen. Det vil bli lagt frem forslag om styrking av Oljedirektoratet og om utvidelse av leteområdene, særlig nord for Stad.

Det vil bli fremlagt meldinger om energipolitikken, og om en samlet plan for forvaltningen av vassdrag.

Regjeringen vil fortsatt arbeide aktivt for å begrense sur nedbør og andre forurensninger. Kontrollen med kjemiske stoffer og produkter vil bli bedret.

Regjeringen vil bedre natur- og kulturminnevernet. Det vil bli lagt frem forslag om en felles plan- og bygningslov, med sikte på forenkling og større myndighet til lokale organer.

Det forebyggende arbeid mot kriminalitet vil bli styrket. Effektiviseringen av politi, domstoler og fengselsvesen fortsetter. Man tar blant annet sikte på kortere ventetid for saker som skal behandles av domstolene, og kortere ventetid før straffedømte kan sone.

For å styrke boligbygging og byfornyelse vil det bli foreslått bedre finansiering, forenkling og forbedring av lover og regler og forenklet saksbehandling i mindre byggesaker.

Det vil bli fremlagt meldinger om arbeidsmiljøpolitikken, likestillingspolitikken og familiopolitikken. Regjeringen vil fortsatt stimulere til bygging av barnehaver og til bedre utnyttelse av dem.

Det vil bli fremlagt forslag til ny lov om åpningstider for utsalgssteder.

Utbrygging av eldreomsorg og helsevesen vil bli gitt høy prioritet. Arbeidet for å redusere ventetiden for sykehusbehandling vil bli forsterket. Det vil bli fremlagt forslag om bedre

muligheter for behandling utenfor pasientens eget fylke.

Regjeringen vil fremlegge meldinger om barne- og ungdomsvernet og om kampen mot narkotikaproblemete.

Arbeidet med å utvikle Den norske kirkes indre selvstyre vil fortsette.

Opplæring i arbeidslivet og annen yrkesutdannelse vil bli bygd ytterligere ut. Det vil bli lagt frem meldinger om videregående opplæring og voksenopplæring, høyere utdannelse, forskningspolitikken og mediepolitikken. Det vil bli lagt frem forslag vedrørende studiefinansiering, private høyskoler og velferdstiltak for elever og studenter.

Arbeidet for å styrke samisk språk og kultur vil bli ført videre.

Regjeringens langtidsprogram for perioden 1986–89 vil også omfatte perspektiver for tiden frem mot århundreskiftet, og retningslinjer for en skattereform, med sikte på et enklere og mer rettferdig skattesystem.

Jeg ber Gud signe Stortingsgjerning og erklærer Norges 129. ordentlige Storting åpent.

*Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding*, lesen av statsråd Jan P. Syse:

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortingsgjerning og Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Noreg har teke aktivt del i det internasjonale samarbeidet for å sikre fred, tryggleik og reell avspenning.

Det nære samarbeidet mellom dei nordiske landa er ført vidare, og ein har lagt vekt på å halde oppe og styrke samarbeidet ytterlegare.

Regjeringa har også lagt vekt på å føre vidare det gode samarbeidet med landa i Vest-Europa og i Nord-Amerika, både tosiktig og gjennom ulike samarbeidsorganisasjonar. For samarbeidet med dei vesteuropéiske landa har m.a. Europarådet, OECD og EFTA stått sentralt.

Ordninga med samarbeidsmøte på høgt politiskt nivå om økonomiske spørsmål mellom Noreg og EF-kommisjonen har halde fram. Kontaktane med EF er vortne utbygde og styrkte på dei ulike fagområda.

Regjeringa har lagt vekt på eit godt forhold til Sovjetunionen og på å halde ved like stabiliteten i vår del av verda.

Noregs tryggleik er nær knytt til det forsvars- og tryggingspolitiske samarbeidet i NATO. Dette byggjer på den todelte målsetjinga, som vart fastlagd i Harmelrapporten av

1967, og går ut på å halde oppe eit effektivt forsvar og samtidig prøve å få til avspenning gjennom ein dialog med landa i Aust-Europa. Denne målsetjinga vart seinast stadfest under utanriksministermøtet i NATO i Washington i år. Regjeringa legg framleis vekt på å fremje aust-vest-dialogen med sikte på å byggje ned den militære spenninga i Europa. Målet er å oppnå større tryggleik på eit styrkenivå som er lågast mogleg. Regjeringa byggjer her på dei retningslinjene som vart dregne opp i St.meld. nr. 101 (1981–82) og i Innstilling S. nr. 225 (1983–84). Det blir særleg lagt vekt på at forhandlingane om reduksjonar i kjernevåpenstyrkane må bli tekne opp att snarast råd.

Under Stockholms-konferansen om nedrustning i Europa (KNE) arbeider Noreg aktivt for at deltakarane kan bli samde om konkrete tiltak som kan skape større tillit og tryggleik på det europeiske kontinentet.

Utviklinga av den militære slagkrafta på austleg side dei seinare åra gjer det nødvendig for NATO å betre forsvarsevna si. Ein betre konvensjonell styrkebalanse vil minske risikoen for at ein vil ta i bruk kjernevåpen, og setje alliansen betre i stand til å avverje krigsutbrott. Noreg står arbeidet i alliansen for å gjere NATO mindre avhengig av kjernefysiske våpen ved å styrke det konvensjonelle forsvaret.

Regjeringa har lagt stor vekt på dei amerikansk-sovjetiske forhandlingane i Genève om strategiske kjernevåpen (START) og mellomdistanseraketter (INF). Ein ser med stor uro på avbrottet i desse forhandlingane, og ein har teke til orde for at dei blir tekne opp att så snart som råd.

Regjeringa meiner også at forhandlingane i Wien om gjensidige og balanserte styrke-reduksjonar i Sentral-Europa (MBFR) er svært viktige. På norsk side har ein lagt vekt på at ei avtale på dette området kan være med å skape ein betre konvensjonell styrkebalanse i Europa og redusere spenninga i aust-vest-forholdet generelt. Regjeringa vonar at det nye vestlege framlegget, som vart lagt fram i Wien 19. april i år, vil hjelpe til med å få framgang i forhandlingane.

Regjeringa legg også stor vekt på det arbeidet for nedrustning og rustingskontroll som ein driv i FN og på Nedrustingskonferansen (CD) i Genève. Noreg har m.a. vore med på dette arbeidet ved å stille norsk ekspertise til disposisjon for drøftingane på Nedrustingskonferansen om kjemiske våpen og full prøvestans. Frå norsk side har ein arbeidd aktivt for å oppnå fullt medlemsskap i Nedrustingskonferansen, og ein vonar at dette vil lykkast så snart som råd.

I FN-samanheng og på det nasjonale planet

har Noreg gjeve stønad til informasjons- og forskingsarbeid om tryggingspolitiske spørsmål, m.a. rustingskontroll og nedrusting.

Regjeringa har lagt vekt på å delta aktivt i Dei sameinte nasjonane og på samarbeidet i dei ulike særorganisasjonane i FN og andre organ. Regjeringa har prøvd å følgje opp det initiativet som ein tok saman med dei andre nordiske landa, som går ut på at verdsorganisasjonen skal få større makt og bli meir effektiv.

Regjeringa har lagt vekt på arbeidet for å betre levevilkåra i utviklingslanda. I denne samanhengen har Regjeringa gått inn for å styrke det multilaterale systemet for globalt økonomisk samarbeid og utvikling. Regjeringa har halde fram med å ta aktivt del i samarbeidet innanfor FN-konferansen for handel og utvikling (UNCTAD).

Regjeringa har lagt vekt på å legge tilhøva til rette for å auke importen frå utviklingslanda gjennom å utvide vareomfanget i GSP-ordninga og å arbeide for effektive og vidtfemnande råvareavtaler med prisstabilisrande verkemiddel. Som eit ledd i å få sett i verk avtalen om Det felles fondet for råvarer så snart som råd, har Regjeringa gjeve tilsegn om å betale «inngangsbilletten» for ti låginninktsland i Afrika og Sentral-Amerika.

Regjeringa har teke aktivt del i arbeidet for å få til ein internasjonal kodeks for teknologioverføringar.

Som ei utfylling til det internasjonale nord-sør-arbeid har Noreg teke initiativ til og teke del i arbeidet med å få i stand eit breiare økonomisk samarbeid med landa i det sørlege Afrika (SADC-landa).

Noreg arbeidde aktivt med å førebu og gjennomføre Den 4. FN-konferansen om industriutvikling (UNIDO IV) og Den 2. befolkningskonferansen i FN.

Etter at Tryggingsrådet i FN forlengde mandatet for FN-styrken i Libanon (UNIFIL), har Regjeringa stilt seg imøtekommande til ei oppmøding frå generalsekretæren i FN om framleis å stille mannskap til rådvelde.

Situasjonen i det sørlege Afrika gjev framleis grunn til stor uro. Regjeringa har i ulike fora, både i og utanfor FN, arbeidd for løysingar på dei problema ein her står overfor, særleg når det gjeld å nå fram til sjølvstende for Namibia og i samband med apartheidpolitikken i Sør-Afrika. Saman med dei andre nordiske landa inviterte Noreg utanriksministrane i frontlinjestatane til eit møte som fann stad i Stockholm i juni i år. Regjeringa har sett ned eit interdepartementalt utval for å sjå på alle sidene ved vårt tilhøve til Sør-Afrika.

Noreg har auka den humanitære hjelpa til

flyktningane frå Sør-Afrika og Namibia og til ofra for apartheidpolitikken. Det blir også gjeve monaleg hjelp til flyktningar i mange land både gjennom FNs Høgkommissær for flyktningar og frivillige organisasjoner. Regjeringa har vore med på den andre internasjonale konferansen for hjelp til flyktningar i Afrika, og gjeve tilsegn om auka norsk hjelp.

Noreg har konsekvent hevdat at konfliktane i Mellom-Amerika berre kan løysast ved forhandlingsbordet. Regjeringa har gjeve full stønad til innsatsen som den såkalla Contadora-gruppa har gjort for å få i stand ei fredeleg løysing.

Det er sendt eit skip med humanitær hjelp til Nicaragua.

Noreg har stødd kravet om at framande styrkar i Afghanistan og Kampuchea skal dra seg attende, og at folka her skal få rett til å rå seg sjølvé utan innblanding utanfrå.

Vietnamesiske båtflyktningar som blir tekne opp av norske skip, er garanterte innreise til Noreg. I alt er det gjeve garantiar til 6 021 personar. Det er komme over 4 600 sør-austasiatiske flyktningar til Noreg, medrekna familiær som har fått flytte saman att.

Noreg tek også imot flyktningar frå m.a. Latin-Amerika og Afrika.

Den internasjonale nødhjelpa er auka monaleg. Stønaden blir fordelt omrent likt på internasjonale og norske frivillige organisasjoner.

Noreg har vore aktiv i det internasjonale energisamarbeidet, m.a. innanfor FN-systemet og i Det internasjonale energibyrået (IEA). I FN-samanheng har ein særleg vore oppteken av den interstatlege FN-komiteen for nye og fornybare energiressursar som møttest i april i år. I samarbeidet innanfor IEA har Noreg teke del på breitt grunnlag. Ein har særleg lagt vekt på energisparring og utnytting av andre energiformer enn olje, og på å følge opp vedtaka frå ministermøtet i mai i 1983.

Noreg legg framleis vekt på arbeidet innanfor ECE, sjølv om den tilspissa situasjonen mellom aust og vest til ein viss grad har redusert aktiviteten i organisasjonane. På norsk side har ein mellom anna gått inn for å styrke den rolla ECE spelar innanfor miljøvern. Når det gjeld tiltak mot luftureiningar, har ein hatt god framgang.

Ein har på norsk side teke aktivt del i den økonomiske komiteen i NATO, særleg når det gjeld energispørsmål.

Regjeringa legg vekt på arbeidet i den vestlege koordinerande komiteen for multilateralt eksportkontroll (COCOM), og har arbeidd for ei samordning av tiltak som tek sikte på å kontrollere eksporten av strategiske varer som t.d. visse høgteknologiske produkt.

Noreg har inngått avtaler om å vere med på endå fleire prosjekt under Den europeiske romorganisasjonen (ESA). Konvensjonen om skiping av Den europeiske telesatellittorganisasjonen (EUTELSAT) vart ratifisert av Noreg 24. februar 1984.

Noregs engasjement i det europeiske teknologiske og vitskaplege prosjektarbeidet mellom EF, EF-land og vesteuropæiske land som ikkje er medlemmer av EF, har vore aukande. Noreg har dessutan teke initiativet til ei rammeavtale mellom Noreg og EF om vitskapleg og teknologisk samarbeid.

På generalkonferansen i Det internasjonale atomenergibyrået (IAEA) i september 1984 vart Noreg valt inn som medlem i styret i byrået for ein toårsperiode.

Ei revidert norsk-amerikansk samarbeidsavtale om fredeleg utnytting av atomenergi tok til å gjelde 2. juli 1984.

Noreg er aktivt med i det internasjonale miljøvernksam arbeidet, og er valt inn som medlem av styret for miljøvernorganisasjonen i FN (UNEP) for perioden 1984–86.

Noreg har engasjert seg aktivt i arbeidet for å styrke og effektivisere det internasjonale menneskerettsvernet og for å hindre brott på menneskerettane. Det har vore lagt vekt på tiltak som kan gjere dei verkemidla ein har i dag meir effektive, og på arbeidet for å få i stand internasjonale konvensjonar som gjeld tortur og rettane til framandarbeidarar og barn. Frå norsk side har ein vidare engasjert seg sterkt i arbeidet med å fremje interessene til urfolka i internasjonal samband, og ein har støtt framleggelsen om ein høgkommisær for menneskerettar. Representantar for Regjeringa har i internasjonale fora teke opp menneskerettssituasjonen i land der ein meiner at tilhøva er særleg ille, t.d. i El Salvador, Guatemala, Afghanistan og Iran. Ved siste årsskiftet tok Europarådet opp til realitetsdrøfting den klagan mot Tyrkia for brott på menneskerettane i landet som Noreg saman med Danmark, Frankrike, Nederland og Sverige leverte 1. juli 1982.

Det internasjonale kultursamarbeidet er ein viktig del av det tosidige forholdet mellom landa. Ein har skrive under samarbeidsprogram under kulturavtalene med Sovjetunionen, Polen, Kina, Storbritannia, Tyrkia, Spania og Portugal. Også med dei andre austeuropeiske landa og andre land blir samarbeidet vidareført.

Dei offentlege overføringane frå Noreg til utviklingshjelp og internasjonalt humanitært hjelpearbeid var i 1983 på i alt 4 258 millionar kroner, medrekna administrative utgifter. Dette var ein auke frå 1982 på 655 millioner kroner eller 18,2 prosent. Rekna i prosent av

BNP svarte den norske hjelpa i 1983 til 1,06 prosent, mot 0,99 prosent i 1982. Dermed vart Noreg for første gong det OECD-landet som gav mest hjelpe rekna i prosent av BNP.

Av den norske hjelpa til utviklingsland gjekk 56,9 prosent til den tosidige og 43,1 prosent til den fleirsidige hjelpa, medan dei same tala for 1982 var 57,5 og 42,5 prosent. Av den tosidige hjelpa vart 5,8 prosent administrert av internasjonale organisasjonar, mot 7,1 prosent i 1982.

Det nordiske hjelpesamarbeidet vart ført vidare i 1983.

Av den tosidige hjelpa i 1983 gjekk 59,7 prosent til hovudsamarbeidslanda, som i alt fekk 1 377 millionar kroner. Største delen går til prosjekt- og programhjelp og til fagleg hjelp. Varestønad utgjer også ein viktig del.

Tanzania var også i 1983 det landet som fekk mest norsk hjelpe. Energiutvikling, kystfart og vassforsyning er viktige sektorar for den norske innsatsen. I Zambia er Noreg med på hjelpearbeid innanfor vassforsyning, landbruk og bygdeutvikling. I Kenya går norske midlar blant anna til eit omfattande distriktsutviklingsprogram i Turkana-provinsen. I Mosambik gjeld innsatsen energi og varestønad. Botswana tek imot hjelpe til helsetenester og vegar, i tillegg til omfattande personellhjelp.

Den norske hjelpa til dei fire asiatiske hovudsamarbeidslanda, Bangladesh, India, Pakistan og Sri Lanka, blir særleg brukt til varehjelp og importstønad, men femner også om viktige prosjekt innanfor distriktsutvikling, helse og familieplanlegging.

Utanom hovudsamarbeidslanda får særleg Zimbabwe og Sudan mykje hjelpe frå Noreg. I Sør-Sudan tek Kirkens Nødhjelp imot 128 millionar kroner for perioden 1983–86 til eit distriktsutviklingsprogram. Hjelpe til Zimbabwe går i hovudsaka til vassforsyning på landsbygda.

Ein var i 1983 i ferd med å avslutte hjelpa til Portugal og Vietnam.

Noreg står aktivt det regionale samarbeidet (SADCC) som ni land i det sørlege Afrika har etablert mellom anna for å gjere seg økonomisk uavhengig av apartheidregimet i Sør-Afrika. Noreg står her mellom anna ein transportkommisjon i Mosambik og eit energisekretariat i Angola. Elles var ein i 1983 med på å byggje ut telekommunikasjonar mellom ein del av SADCC-landa.

Noreg har, saman med dei andre nordiske landa, halde fram med arbeidet med å førebu ein felles hjelpeinnsats i Namibia når landet blir sjølvstendig.

Latin-Amerika vart viktigare som innsatsområde for norsk hjelpe i 1983. Hjelpe utgjorde 66 millionar kroner, mot 33,5 millionar kroner

i 1982. Dei som tok imot mest var Jamaica og Nicaragua. Med unntak av Jamaica vart hjelpe i hovudsaka kanalisert gjennom fleirsidige og private organisasjonar.

Noreg er som før det OECD-landet som etter måten yter mest til dei internasjonale hjelpeorganisasjonane. Dei største tilskotta gjekk til ulike FN-organisasjonar med FNs utviklingsprogram (UNDP) som den største mottakaren. Tilskotta til utviklingsbankar og -fond var også monalege, først og fremst til Det internasjonale utviklingsfondet (IDA).

Noreg har vore aktivt med i forhandlingane om kapitalpåfylling for Det internasjonale utviklingsfondet. Noreg arbeider også for å få tilslutning til kapitalpåfylling for Det internasjonale jordbruksfondet (IFAD). Dei mange mindre mottakarane av norske tilskott blir no vurderte med tanke på om mogleg å redusere talet.

Det gode samarbeidet med landa i Vest-Europa har vore ført vidare, tosidig med EF, gjennom det nordiske samarbeidet og i EFTA. Ministermøtet i år mellom EF og EFTA-landa vedtok ei fråsegn om retningslinjene for utviklinga av samarbeidet i framtida.

Frå 1984 er all handel med industrivarer mellom EFTA-landa og EF tollfri.

Regjeringa har vore aktivt med for å gjenomføre arbeidsprogrammet som vart vedteke på ministermøtet i GATT hausten 1982. Hovedpunktet i programmet er kampen mot proteksjonismen i den internasjonale handelen.

Noreg slutta seg til GATT sin Multifiberavtale (MFA III), med verknad frå 1. juli 1984. Globalkvoteordninga for import av visse teks-til- og konfeksjonsvarer vil gradvis bli avvikla innan eit år.

Det har vore lagt stor vekt på å utvikle det økonometiske og handelspolitiske sambandet med Sovjetunionen, Aust-Europa og Kina. Samarbeidet på olje- og energisektoren med Sovjetunionen og Kina er interessant med tanke på framtida.

Regjeringa ser det som ei viktig handelspolitisk målsetjing å utnytte marknadene i utviklingslanda gjennom avtaler om teknisk, økonometisk og industrielt samarbeid og gjennom næringsdelegasjoner med offisiell leiing. Avtaleverket vårt omfattar i dag 13 land. Ein prøver å leggje forholda til rette for auka import frå utviklingslanda.

Regjeringa har halde fram arbeidet med å fremje norsk vare- og tenesteeksport. Noregs Eksportråd får direkte stønad over budsjettet til Handels- og skipsfartsdepartementet.

I dei fem første månaden i år har det volumet som vart omsett i detaljhandelen

innanriks, auka med 0,8 prosent samanlikna med det same tidsrommet i fjor.

Meldinga om hovudretningslinjene for verksemda i Forsvaret i tida 1984–88 vart drøfta i Stortinget i mai i år. Fleirtalet i Stortinget slutta seg til hovudprinsippa som representerer ei vidareføring av den forsvars- og tryggingspolitikken vi no fører.

Dei store behova for materiellinvesteringar har prega langtidsplanlegginga i Forsvaret dei seinare åra. Løyvingane til F-16-prosjektet nærmar seg no slutten og har gjeve rom for andre høgt prioriterte tiltak. Alle flya er no mottekne og operative.

Det er gjort avtale med det amerikanske forsvaret om leige av seks batteri rakettluftvern av typen IHAWK til dei høgast prioriterte flyplassane. Det er likeins gjort avtale om kjøp av eldleiingssystem og om radar til systemet. Det er også slutta avtale om modernisering av kanonluftvernsystemet L-70.

I samsvar med moderniseringsprogrammet for Hæren er det no vedteke å slutte kontrakt om 2 550 feltkjøretøy i åra 1984–86. Det er vidare avtalt kjøp av mobilradar for Hæren.

Programmet for kjøp av nye undervassbåtar har halde fram i samsvar med planane. Det er gjort avtale om norsk-tysk samarbeid om m.a. eldleiingssystem til norske og tyske ubåtar.

Det er vidare i Sjøforsvaret gjort vedtak om oppdatering av eskortefartøya.

Det norske og det svenske forsvarsdepartementet har inngått ei regjeringsavtale for å styrke samarbeidet når det gjeld forsking, militærteknologi og industriproduksjon ved kjøp av militært materiell mellom dei to landa.

Av dei store byggjetiltaka kan ein nemne at arbeidet med dei fortifikatoriske anlegga for 120 mm kanonar for Kystartilleriet er sett i gang. Vidare er det på fleire stader sett i gang arbeid for å betre forlegningsstandarden. Planlegginga av byggearbeida for luftforsvarsraketten IHAWK er på det nærmaste fullført.

Stortinget har gjort vedtak om å skipe eit artilleriskytfelt for Agder og Rogaland i Gyvatn-området. Det blir arbeidd vidare med å lage eit regionskytfelt.

Når det gjeld planlegginga av byggearbeida for alliert førehandslagring, har dette halde fram i samsvar med dei avtaler og retningslinjer som tidlegare er godkjende av Stortinget. Inntil vidare blir det brukt leigde lager.

Ombygging og utviding av krigshovudkvartera på Kolsås og Reitan er no på det nærmeste fullført etter dei planar og løyingar

som Stortinget har fastsett.

På personellsida er den reviderte befalsordninga som gjeld utdannings-, og avansements- og disponeringsordningar no vedteken, og vil bli satt i verk i 1984.

Noreg tek framleis del i FN-styrken i Libanon og sender observatørar til etablerte FN-misjonar.

Folkemengda pr. 1. juli 1984 var 4 140 634. I kalenderåret 1983 auka folkemengda med 11 800. Av dette utgjorde den naturlege tilveksten (fødselsoverskottet) 7 700, eller knapt 0,2 prosent; den minste vekstraten sidan 1814.

Fødselstalet var i 1983 for første gong sidan 1941 under 50 000, og svarte til gjennomsnittleg 1,66 barn pr. kvinne, som er det lågaste nivået som er registrert. Fødselstal og naturleg tilvekst er likevel ikkje uvanleg lage samanlikna med dei fleste vestlege land.

Sysselsetjingssituasjonen er vorten gradvis betre i 1983 og 1. halvåret 1984.

Frå 1983 til 1984 auka sysselsetjinga med 11 000 personar. Sysselsetjingsveksten innanfor kommuneforvaltninga kjem m.a. av den sterke opptrappinga av det kommunale programmet for mellombels arbeid. Det var også ein sterk sysselsetjingsvekst innanfor den tenesteytande delen av forretningsverksemda. Innanfor statsforvaltninga og dei andre tenesteytande næringane var sysselsetjinga omrent den same i 1983 som i 1982. Det same kan ein seie gjeld for den utekonkurrerande industrien vår.

For den heimekonkurrerande industrien, særleg skipsbyggingsindustrien, annan verstadindustri og tekstil- og konfeksjonsindustrien gjekk derimot sysselsetjinga monaleg ned. Sysselsetjinga gjekk også ned innanfor jordbruks og den skjerma industrien. Auken i sysselsetjinga heldt fram gjennom 1. halvåret 1984.

Sjølv om overslaget er usikkert, har talet på sysselsette etter alt å dømme auka med om lag 20 000 personar i perioden juni 1983 til juni 1984.

Opptrappinga av arbeidsmarknadstiltaka utgjer om lag 6 300 personar av dette. Arbeidskraftundersøkingane tyder på at resten av sysselsetjingsveksten har komme innanfor det offentlege og i privat tenesteyting.

Statistiske undersøkingar syner no at den sterke nedgangen i industrisysselsetjinga er i ferd med å stoppe opp. Men på grunn av betre produktivitet er det lite som tyder på at industrisysselsetjinga vil vekse sjølv med vekst i industriproduksjonen.

Den sterke sysselsetningsnedgangen i dei heimekonkurrerande næringane, den svake veksten i dei skjerma næringane og auken i arbeidsstyrken på 26 000 personar frå 1982 til

1983 gjorde sitt til ein sterk auke i arbeidsløysa i 1983. I gjennomsnitt vart det i 1983 registrert 63 500 arbeidslause, som svarer til 3,8 prosent av arbeidsstyrken. Dette var 22 000 fleire enn i 1982. Prosentane for ledige menn var 2,9 prosent og for ledige kvinner 3 prosent ved årsskiftet 1983/84 ifølgje AKU.

Talet på registrerte ledige fordelt på yrke syntetiserer ein monaleg auke for alle yrkesgrupper i 1983. Særleg sterkt var auken for industriarbeidardar. I alt 36 prosent av den totale auken fall på denne yrkesgruppa.

Den aldersgruppa som hadde den sterkeste arbeidsløyseveksten, var gruppa 20–24 år, medan arbeidsløysa for gruppa 16–19 år stabiliserte seg i forhold til nivået i 1982. Dette kjem i hovudsaka av ei sterkt ekstra satsing for å auke utdanningstilboden, og av at omfanget av arbeidsmarknadstiltaka har auka. Lengda på perioden folk går utan arbeid, har auka, frå 13 veker i gjennomsnitt i 1982 til 17 veker i 1983. Samtidig har delen av arbeidslause som har vore ledige i kort tid, gått merkbart ned.

Hittil i 1984 har arbeidsløysa etter norske tilhøve halde seg på eit høgt nivå. I gjennomsnitt vart det i første halvår 1984 registrert 69 465 arbeidsledige ved arbeidskontora, som svarer til 4,1 prosent av arbeidsstyrken. Dette var 6 600 fleire enn i 1. halvår 1983. Auken har vore sterkest innanfor kontor- og handelsarbeid og byggje- og anleggssarbeid. Når det gjeld industrien har likevel situasjonen betra seg. Frå mai 1983 til mai 1984 gjekk den registrerte arbeidsløysa innanfor industrien ned med 1,3 prosent. Lengda på arbeidsløysa var i januar i gjennomsnitt 16,6 veker, altså om lag som gjennomsnittet for 1983.

Talet på permitterte (rekna med i arbeidsløysetalet) var i 1. halvår 10 700 i gjennomsnitt (15 prosent av den totale arbeidsløysa), mot 12 000 (19 prosent) i den tilsvarende perioden i fjor.

I 1. halvår i år mottok Arbeidsdirektoratet førehandsmeldingar om driftsinnskrenkingar som i alt galdt 16 300 personar, mot 30 900 i same perioden i fjor.

Hovudtyngda av førehandsmeldingane fell på permisjonar med 12 300, medan 2 600 gjeld nedsett arbeidstid og 1 400 oppseingar.

Det gjennomsnittlege talet på ledige plassar som vart melde til arbeidskontora ved utgangen av månaden, auka med 18 prosent frå 1. halvår 1983 til same perioden i 1984. På grunn av omlegging av statistikken er talet noko usikkert, men det speglar likevel av stigning i etterspørselen etter arbeidskraft i delar av næringslivet. Auken i talet på ledige plassar har vidare samanheng med at den kontaktverksemada som arbeidsetaten har

med arbeidsgjevarane, har auka.

Regjeringa har også for budsjettåret 1984 lagt fram ein eigen beredskapsplan for arbeidsmarknadstiltak. Formålet er som i tidegjare år å avgrense verknadene av problema på arbeidsmarknaden som har oppstått innanfor visse yrkesgrupper og visse distrikta i samband med strukturendringar i arbeidslivet og endringar i samansetjinga og omfang av etterspørsele.

For å betre stillinga for dei langtidsledige har departementet fremja og Stortinget vedteke lovendringar i kap. 4 i folketrygdlova om stønad under arbeidsløyse. Den viktigaste endringa er at ein no kan få dagpengar i opp til 80 veker innanfor ein periode på 2 kalenderår som følgjer etter kvarandre, mot 40 veker i dag. Ved å utvide stønadspersonen til 80 veker, vil det bli betre høve til aktiv formidling, opplæring eller plassering i mellombels arbeid.

Til dei ulike arbeidsmarknadstiltaka (sysselsetnings-, opplærings- og attføringsstiltak m.m. og administrasjon) er det for budsjettåret 1984 løvt 1 565 millionar kroner over det ordinære budsjettet og 1 300 millionar kroner over beredskapsbudsjettet. Regjeringa vil vurdere behovet for midlar ut over dette i lys av utviklinga på arbeidsmarknaden. På beredskapsbudsjettet er det pr. 25. juni 1984 utløyst i alt 1 041 millionar kroner, og av dette 24 millionar kroner til andre departement.

For 1984 er det løvt 2 500 millionar kroner (overslagsløyving) til dagpengar for arbeidslause, mot rekneskapsført 2 673 millionar kroner i 1983. Forbruket hittil i år tyder på at dei faktiske utgiftene blir høgare enn løyvinga, slik at det blir naudsynt å fremje ein proposisjon om tilleggsløyving.

Det var i gjennomsnitt for 1. halvår 1984 sysselsett i alt 35 900 personar i arbeidsmarknadstiltak, det vil seie 8 800 (32 prosent) fleire enn i den tilsvarande perioden 1983. Dei offentlege sysselsetjingstiltaka omfatta i 1. halvår 1984 13 300 personar i gjennomsnitt, og av desse var 10 100 i kommunale og fylkeskommunale sysselsetningsprogram.

I den same perioden var det 10 900 personar i attføringsstiltak.

Førebelts oppgåver over varebytet med utlandet syner at verdien av innførsla (utanom skip og oljeplattformer) i dei åtte første månadene av 1984 var 68 milliardar kroner, eller 9,8 milliardar kroner meir enn i same tidsrommet i fjor. Verdien av utførsla (utanom skip og oljeplattformer) var 94,8 milliardar kroner, eller om lag 16,1 milliardar større enn i januar–august 1983. Av utførsla i dei åtte månadene utgjorde råolje og gass 50,3

milliardar kroner, mot 41,4 milliardar kroner i same perioden i fjor.

Nettoeksporten av varer i alt auka med 8,7 milliardar kroner frå januar–juni 1983 til januar–juni 1984. Nettoeksporten av tenester i alt gjekk opp med 2,6 milliardar kroner. For renter og stønader var det eit underskott i januar–juni 1984 på 9,2 milliardar kroner, mot 9,3 milliardar kroner i same perioden i 1983.

For perioden januar–juni 1984 var det eit overskott på driftsrekneskapen overfor utlandet på 15 milliardar kroner, mot 3,6 milliardar kroner i januar–juni 1983. Overskottet på driftsrekneskapen for januar–juni 1984 vart motsatt av ein netto utgang av langsiktig kapital på 5,4 milliardar kroner og ein netto utgang på kortsigktig kapital på 9,6 milliardar kroner.

For jordbruksvekstane vore tilfredsstillande. Etter ein periode med varmt vêr og lite nedbør i slutten av mai og først i juni var det utsikter til svært gode korn- og grasavlingar. På Austlandet var veksttilhøva i juli også gode med rikeleg nedbør og gunstig temperatur. I Trøndelag vart veksten noko redusert på grunn av sterk nedbør og kjølig vêr. For landet sett under eitt reknar ein med korn- og grasavlingar over det normale.

Av hagebruksvekstane ventar ein små avlingar på eple og pærer på grunn av därleg blomstring. For dei andre hagebruksvekstane er avlingsnivået stort sett normalt.

I husdyrproduksjonen er det framleis overproduksjon av mjølk, kjøt og egg.

I skogbruket vart det avverka 8,2 millionar m<sup>3</sup> temmer og ved for sal i driftsåret 1982–83. Førebelts tal tyder på at avverkinga for 1983–84 ligg om lag 0,8 millionar m<sup>3</sup> høgare.

Utbyttet av fisket var 1. halvår 1,1 millionar tonn (rund vekt), mot 1,4 millionar tonn 1. halvår 1983. Førstehandsverdien i 1. halvår var om lag 2 100 millionar kroner, som er om lag 50 millionar mindre enn i same tidsrommet i fjor. Av torsk er det teke om lag same kvantum som til same tid i fjor, og av lodde om lag 400 000 tonn mindre. Av industrifisk er det teke om lag 45 000 tonn meir enn til same tid i fjor.

Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt, sel og kvalfangstprodukt gjekk opp frå om lag 3 530 millionar kroner pr. 30 juni 1983 til om lag 3 690 millionar kroner pr. 30. juni 1984.

I 1983 vart det totalt sett i gang bygging av 31 561 bustader og fullført 32 667 bustader, mot 36 998 igangsette bustader og 38 465 fullførte i 1982. Bustadsbygginga dei første sju månadene i år har vore ein del lågare enn i første halvår i fjor.

I dei sju første månadene av 1984 vart det

sett i arbeid 14 149 og fullført 18 103 bustader. Ved utgangen av juli var det 29 138 bustader i arbeid. Samanlikna med 1983 var det ein nedgang på 20,2 prosent for bustader som vart sett i arbeid, ein auke på 2,6 prosent for fullførte og ein nedgang på 13,8 prosent for bustader i arbeid.

For andre bygg enn bustader og bygg for jordbruk, skogbruk og fiske, vart det for dei sju første månadene sett i arbeid 1 434 000 m<sup>2</sup> og fullført 1 287 000 m<sup>2</sup> bruksareal. Dette er 10,7 prosent meir som er sett i arbeid og 20,1 prosent meir som er fullført samanlikna med 1983.

I oljeutvinning, bergverksdrift, industri og kraftforsyning var det ein produksjonsauke på 6,7 prosent i dei sju første månadene i 1984 i høve til same perioden i 1983. Oljeutvinning og bergverksdrift auka med 11,7 prosent, medan industrinæringane synte 1,9 prosent auke frå 1983 til 1984. Kraftforsyninga auka med 3,5 prosent i høve til same perioden året før.

Samanlikna med dei sju første månadene i 1983 var det ein produksjonsauke på 0,2 prosent i dei skjerma og ein nedgang på 0,9 prosent i dei heimekonkurrerande næringane. I dei utekonkurrerande næringane syntes produksjonen 10,6 prosent auke i same tidsrommet. Produksjonen av olje og gass på norsk kontinentalsokkel var i 1983 56,2 millionar tonn oljeeiningar, medan den i 1982 var 50,0 millionar tonn oljeeiningar.

I dei første sju månadene av 1984 vart det produsert 36,4 millionar tonn oljeeiningar. Dette er ein auke på 12,6 prosent i høve til den same perioden i fjor.

Investeringane i faste installasjonar og rørleidningar på kontinentalsokkelen var i 1983 23,7 milliardar kroner, medan dei i 1982 var 11,8 milliardar kroner.

Det totale salet av petroleumsprodukt var i 1983 7 765 millionar liter, ein nedgang på 1,9 prosent frå 1982. Totalsalet dei første sju månadene av 1984 var 4 516 millionar liter, ein auke på 4,7 prosent i høve til same perioden i 1983. Det er første gongen sidan 1979 at salet av oljeprodukt har auka.

Produksjonen av elektrisk kraft var i 1983 106,2 milliardar kilowatt-timar, 14,2 prosent større enn i 1982. I dei første sju månadene av 1984 var produksjonen av kraft 62,9 milliardar kilowatt-timar. Det er ein auke på 3,9 prosent i høve til dei sju første månandene i 1983. Det totale bruttoforbruket av elektrisk kraft har i dei sju første månadtene i 1984 auka med 8,6 prosent i høve til same tidsrom året før. Auken i den tilsvarande perioden for det temperaturkorrigerte forbruket av kraft til vanleg forsyning har vore om lag 4,5 prosent.

Ser ein på tolvmånadersperioden august 1983 til og med juli 1984 var forbruket av kraft 97,4 milliardar kilowatt-timar, ein auke på 9,8 prosent i høve til same perioden eitt år tidlegare. (Desse tala er ikkje temperaturkorrigerte.)

Magasinfillinga var i veke 36 i år 88,4 prosent av fullt, mot 95,3 prosent på same tidspunktet i fjor.

Handelsflåten minka med 618 000 bruttotonn i første halvår i år og var på 17,5 millionar bruttotonn ved utgangen av juni. Tanktonnasjen minka i første halvår med 458 000 bruttotonn.

Ved utgangen av 1983 var det ved utanlandske verkstader skip under bygging eller tinga for norsk rekning på til saman 1,2 millionar bruttotonn. Dette var ein nedgang på 0,1 millionar bruttotonn frå utgangen av 1982. Samstundes var det ved norske verkstader under bygging eller tinga skip for norsk rekning på til saman 0,1 millionar bruttotonn. Det var ein nedgang på 0,1 millionar bruttotonn frå utgangen av 1982.

For tørrlastskipa gjekk fraktratane ned i 1982, og dei har vore tilnærma konstante i 1983 og første halvår av 1984. Ratane for tankskip har òg vore dårlege. Dette gjeld særleg dei store tankskipa.

Ved utgangen av august låg 14,6 prosent av handelsflåten i opplag, mot eit oppdrag på 25,8 prosent ved utgangen av august i fjor.

Sommaren 1984 var det 27 norskregistrerte plattformer og boreskip. Leigeinntektene gjekk noko ned i 1983 samanlikna med året før.

Utviklinga av det samla innanlandske persontransportarbeidet har synt vekst det siste året, etter ein nedgang i slutten av 70-åra. Grunnen til veksten er ein auke i transportarbeidet for personbilar, medan den kollektive transporten har hatt nedgang. Dette har ført til at dei kollektive transportmidla har fått ein mindre del av det samla transportarbeidet i Noreg dei to siste åra. I 1980 og 1981 var kollektivdelen 26,2 prosent, som er den høgaste på ti år. I 1983 var den 24,3 prosent. Dette er eit brott på utviklinga fram til 1980–81.

Godstransportarbeidet innanlands syntes i 1983 ein auke på 4,0 prosent frå 1982.

Det offentlege vegnettet var ved utgangen av 1983 84 012 kilometer ein auke på 636 kilometer i høve til året før.

Av riksvegnettet har 93,1 prosent fast dekke. Totalt har 62,3 prosent av det offentlege vegnettet fast dekke.

I 1983 har riksvegnettet med 10 tonns aksestrykk auka med 4 560 kilometer. Pr. 1. januar 1984 er det lov å kjøre med 10 tonns ak-

seltrykk på i alt om lag 49 prosent av riksvegane. Det er ein auke på rundt 18 prosentpoeng på eit år, og den skuldast mellom anna ei omlegging av akseltrykkpolitikken. 99,9 prosent av riksvegnettet kan trafikkerast med 8 tonns akseltrykk. Av viktige vegruter som er opna for 10 tonn kan ein nemne:

- Oslo – Stavanger
- Oslo – Bergen over Hardangervidda
- Bergen – Sognefjorden over ferjestrekningane Leirvåg – Sløvåg og Rutledal – Rysjedalsvika
- Dombås – Ålesund
- Troms grense – Alta – Vadsø – Vardø

I 1983 vart 221 nybyggingar og ombyggingar av bruver på riksvegane med ei samla bru-lengde på 3 937 m og bruflate på 29 670 m<sup>2</sup> avslutta og opna for trafikk. Av desse bruene er 133 nyanlegg og 88 ombygging av gamle bruver.

Av store prosjekt som er avslutta i 1983, kan ein nemne Vardøtunnelen. Den vart opna av H.M. Kongen, og er den første undersjøiske vegg tunnelen i Noreg. Andre store prosjekt som er fullførte, er Holmestrandtunnen i Vestfold og Smestadkrysset i Oslo.

I 1983 vart det bygd 150 kilometer gang- og sykkelvegar langs riksvegane, og ein kom dermed totalt opp i 1 160 kilometer. Med dei gode verknadene gang- og sykkelvegane har hatt, både når det gjeld den motoriserte trafikken og tryggleiken for fotgjengrar og syklistar, er dette tiltak som ein framleis vil prioritere høgt innanfor samferdselssektoren.

Ved utgangen av 1983 var det i alt 2 337 705 registrerte og skilta kjøretøy i Noreg, ein auke på 4,2 prosent frå året før. Det samla talet på personbilar var ved utgangen av året 1 383 367. Dette svarer til 38,3 personbilar pr. 100 innbyggjarar i Noreg.

Vegtrafikken i Noreg auka med 4,6 prosent samanlikna med året før. Godstransportarbeidet på veg utanfor rute hadde ein auke på over 5 prosent.

Etter ein sterk og jamn nedgang i talet på drepne i åra 1975–1981 auka talet att i 1982–83. I 1983 vart 409 personar drepne i trafikken, mot 401 i 1982, 338 i 1981 og 560 i 1970.

Ferjetrafikken var noko høgare enn i 1982. I 1982 var trafikkauken i personbileiningar 3,0 prosent, og persontrafikken auka med 0,2 prosent. I 1983 var dei tilsvarande tala i same rekjkjefølgje 1,9 prosent og 1,2 prosent auke. Ved utgangen av 1983 var det i riksvegnettet ein flåte på 227 ferjer med til saman 7 863 personbilplassar.

Sjøtransporten er det viktigaste transportmidlet for fraktning av gods over lange avstandar. Transportarbeidet er rekna til 11,2 mil-

liardar tonnkilometer i 1983, ein auke på vel 4 prosent frå 1982. Den kjem av auken i transportar med skip i leige- og eigentransport. 60,5 prosent av det totale innanlandske gods-transportarbeidet går no sjøvegen.

Kystrutene hadde i 1982 ein nedgang på 12,4 prosent i talet på passasjerar. Hurtigruta Bergen – Kirkenes, som er ein del av kystrutene, hadde ein liten oppgang frå 277 000 passasjerar i 1982 til 279 000 passasjerar i 1983. Det er ein auke på 0,9 prosent, etter ein nedgang på heile 17,5 prosent i 1982. Til samanlikning hadde hurtigruta 400 000 passasjerer i 1978.

Transportarbeidet på jernbanen målt i personkilometer gjekk samla ned med 3 prosent i 1983 til 2 175 millionar personkilometer. Den innanlandske persontrafikken gjekk ned med 3,3 prosent, medan trafikken til og frå utlandet auka med 2,8 prosent i høve til 1982.

Godstrafikken (kommersiell trafikk utanom malmtrafikken på Ofotbanen) utgjorde i alt 2 008 tonnkilometer i 1983. Det er ein nedgang på 2,6 prosent frå 1982. Vognlaster i lokal norsk trafikk gjekk ned med 1,3 prosent til i alt 1 457 millionar tonnkilometer.

Vognlaster i samtrafikk med utlandet gjekk ned med 5,8 prosent. Malmtrafikken på Ofotbanen hadde også dette året nedgang, og gjekk ned med om lag 0,6 millionar tonn eller 6,4 prosent frå 1982.

Ei stortingsmelding om drift og investeringar ved jernbanen fram til 1990 vart lagd fram for Stortinget 6. mai 1983. Det vart seinare lagt fram ei tilleggsmelding til denne meldinga. Den vart lagd fram for Stortinget 17. februar 1984.

Kapasiteten på dei norske innanlandske flyrutene, rekna i tilbodne setekilometer, auka med 8,5 prosent i 1983. Talet på passasjerar som kom og reiste over norske lufthamner, auka i 1983 med 9,4 prosent. Trafikken på stamruteplassane auka med 9,1 prosent, medan trafikken på dei andre plassane gjekk opp med 14,1 prosent.

Trafikkmengda til og frå Oslo-området over Fornebu og Gardermoen var i 1983 samla om lag 4,9 millionar passasjerar når ein reknar med transitt og transfer.

Fordelinga på stamrutene mellom SAS og Braathens SAFE var i 1983 om lag 59:41 rekna i passasjerkilometer. Den delen Widrøes Flyselskap hadde av den samla passasjermengda på innanlandsrutene, utgjorde nær 14 prosent, men berre rundt 7 prosent av det totale talet på selde passasjerkilometer.

Flyfrakta på dei innanlandske rutene rekna i tonnkilometer auka med 8,9 prosent i høve til året før. Den samla fraktmengda over norske lufthamner auka med 1,1 prosent i

1983 til 58 802 tonn. Fornebu har den største fraktmengda.

Ei stortingsmelding om ein norsk luftfartsplan vart lagd fram for Stortinget 16. desember 1983. Planen skal ha ei 4-års rullering.

Telefontettleiken var ved utgangen av 1983 57,9 telefonapparat pr. 100 innbyggjarar. Tilsvارande tal for året før var 53,5.

99,5 prosent av telefonapparata var pr. 31. desember 1983 knytte til automatiske telefonsentraler, mot 98,9 prosent ved utgangen av 1982. 95,3 prosent av den innanlandske telefontrafikken vart avvikla automatisk i 1983, mot 93,8 prosent i 1982.

Pr. desember 1983 var det installert i alt 2 394 712 telefonapparat medrekna mobiltelefonapparat. Det er ein auke på 191 063 i 1983. Ein tok mot 111 560 tingingar på nye telefonabonnement, mot 107 320 i 1982. Ventelistene for telefonabonnement er i ferd med å bli fjerna. I 1983 vart ventelistene reduserte med 28 300, til 12 600 ved slutten av året. Ved utgangen av 1984 vil ventelistene vere avvikla i alle teleområda unntake Oslo og Tromsø. Det var i 1983 ein auke i alle trafikkgreinene i Televerket, bortsett frå telegramtrafikken som minkar frå år til år.

Televerket lanserte og marknadsførte ei rekke nye produkt siste året. Den viktigaste enkeltkontrakta Televerket gjorde avtale om i fjor, var med Standard Telefon- og Kabelfabrikk A/S. Over ein halv million abonnementnummer er tinga for dei nye digitale telefonsentralane. Dette er første steget på vegen mot full digitalisering av telefonnettet, noko som vil gje rimelegare telefontenester for publikum. Driftsoverskottet var i 1983 på 1 164 millionar kroner.

Den totale postmengda som Postverket tok seg av, er rekna til 1 615,1 millionar sendingar. Det er ein auke på 117,7 millionar sendingar eller 7,9 prosent frå året før. 70,3 prosent av dette var brevpost.

Ved utgangen av 1983 var det i drift 2 762 faste poststader og 5 postekspedisjonar på jernbane og skip. Talet på faste poststader gjekk ned med 33 i 1983. Dessutan var det 32 landpostekspedisjonar og 28 postfilialar i verksemd. Ved å utvide landpostrutenettet har ein kunna tilby posttenester til dei postkundane som sokna til dei nedlagde poststadene.

Etter avtale med stiftelsen Norsk Rikstoto er Postverket hovudkommisjonær og transportør for selskapet. Postverket fekk inn 19,6 millionar kupongar, noko som utgjer 81,3 prosent av alle innleverte kupongar i 1983.

Nasjonalrekneskapen for 1983 viser at hotell- og restaurantnæringa hadde ein bruttoproduksjon på 12,0 milliardar kroner, som er ein auke på 10,5 prosent frå året før.

Trafikken på norske hotell i 1983 auka med 2,6 prosent sett i høve til 1982. Trafikken på campingplassane sommaren 1983 minka med 18 prosent i høve til 1982.

Valutainntektene av reisetrafikken for 1983 auka med 2,6 prosent sett i høve til 1982. Valutaautgiftene auka med 8,9 prosent. Utgiftene var i 1983 6,7 milliardar kroner større enn inntektene.

I 1983 reiste om lag 442 000 nordmenn ut av landet på charterreiser. Det er ein auke på 13,9 prosent samanlikna med 1982. 35 prosent av nordmennene reiser på sommarferie i utlandet. Talet aukar kvart år.

Reisebyrånæringa hadde ei omsetning i 1983 på 6,1 milliardar kroner. Det er ein auke på 15 prosent frå året før.

Regjeringa har lagt vekt på arbeidet med å gjere den offentlege forvaltninga enklare, meir effektiv og betre skikka til å møte krava frå publikum. Ei modernisering av forvaltninga må føre til at ein avgrensar oppgåvene til dei som det i dag er formålstenleg at det offentlege sjølv tek seg av. Førebels undersøkingar er gjorde i alle departement for å finne fram til oppgåver som det er ein føremon at private organ kan ta seg av, utan at det går ut over viktige velferdsomsyn. Å ta bort reguleringar som ikkje lenger har livets rett, og sanere og forenkle lov- og forskriftsverket er eit anna viktig arbeidsfelt som er ført vidare i ei rekke einskildsaker. Det er gjort ein monaleg innsats for å sikre at dei økonomiske og administrative verknadene av nye offentlege tiltak blir grundigere vurdert før ein vedtek å setje dei i verk.

Bruken av elektronisk dатateknikk (EDB) pregar i større og større grad forvaltninga, dels ved at ein skaffar seg anlegg for tekstbehandling og andre oppgåver på det einskilde kontor, dels ved gjennomgripande systemendringar som t.d. innføringa av EDB i heile trygdeatenet som er vedteken. Skorten på kvalifiserte EDB-folk er eit alvorleg problem for institusjonane i staten, som vanskeleg kan konkurrere om personalet innanfor dei ordinære regulativrammene. Det har vore nødvendig å tillate å lempe noko på vilkåra innanfor Televerket og visse andre institusjonar der personalproblema i høg grad har gjort framdrifta av EDB-arbeidet vanskeleg. Ein har sett i gang arbeid med å utvikle ei pakkeløsing for administrative databehandlingsoppgåver i eit samarbeid mellom ulike statsinstitusjonar og to norske firma.

Aksjon publikum har ført til at den offentlege verksemda har lagt meir vekt på å yte service overfor publikum.

Stortingsmelding nr. 54 (1983–84) om pressestønad vart drøfta i Stortinget 28. mai 1984.

Det var brei politisk semje om utforminga av pressestønaden.

Endringar i lov om barnehagar m.m. vart sett i verk 1. mars 1984. Lova fekk ei kristen formålsføresegn, og det vart opna høve for private barnehageeigarar og kyrkjelydar innanfor Den norske kyrkja til å praktisere særlege føresegner om livssynsformål.

Det har vore eit hovudmål for prisstyremaktene å arbeide for at prisstigninga blir ytterlegare dempa. Konsumprisindeksen for dei åtte første månadene i året låg i gjennomsnitt 6,4 prosent høgare enn i den tilsvarende perioden i fjar. Tilsvarende tal for året før var 9,0 prosent.

Engrosprisindeksen for dei åtte første månadene låg i gjennomsnitt 6,3 prosent høgare enn i den tilsvarende perioden i fjar, og produsentprisindeksen låg 6,6 prosent høgare.

Detaljomsetnaden auka med 6,9 prosent i verdi dei sju første månadene i 1984 i høve til same perioden året før.

Som ledd i arbeidet for å dempe prisstigninga og å effektivisere marknaden, har prisstyremaktene gjennomført tiltak som tek sikte på å motverke konkuransereguleringar i næringslivet og føre aktivt tilsyn med dei konkurranseavgrensingane som finst.

Ein del prisreguleringar som ein ikkje lengre kunne sjå hadde nokon positiv verknad, er fjerna, og for andre er enklare system for prisregulering kome i staden.

Verkeområdet for prisforskriftene for busstader er avgrensa monaleg. Ei rad kommunar er etter eige ønske fritekne for plikta til å ha prisnemnd.

Det er det siste året gjennomført ei rekke kredittpolitiske tiltak.

Liberaliseringa på kreditmarknaden er ført vidare. Frå årsskiftet vart den direkte reguleringa av utlåna frå forretnings- og sparebankane teken bort. Samstundes vart plasseringsplikta i obligasjonar som bankane har hatt, redusert til null.

Omfanget av garantiar frå finansinstitusjonane for lån på den uregulerte kreditmarknaden er frå og med 2. halvår 1984 ikkje lengre regulert.

Vidare er også den direkte reguleringa av utlån frå finansieringsselskap i form av leasing og factoring oppheva med verknad frå halvårsskiftet. For å kunne gjennomføre ei meir indirekte styring av utlåna frå finansieringsselskapene vart penge- og kreditlova endra i vår slik at finansieringsselskapene, på same måten som forretnings- og sparebankane, kan påleggjast likviditetsreservekrav. Det er vedteke å gjere bruk av denne lovheimelen frå september i år for utlån frå selskapene til publikum i form av leasing og factoring. Likvidi-

tetsreservekravet er sett til 7 prosent og skal oppfyllast ved kjøp av statskassevekslar.

Det samla utlånet frå forretnings- og sparebankane til private og kommunar auka sesongkorrigert med 16,7 milliardar kroner eller 12,9 prosent i første halvår i år. Dette er monaleg meir enn dei rettleiande utlånstala i kredittbudsjettet skulle tilseie. Veksten kjem for ein viss del av tilbakeføring av utlån frå den uregulerte kreditmarknaden, som i sin tur er ei følge av at den direkte utlånsreguleringa i bankane vart oppheva frå årsskiftet. For å dempe utlånsveksten i sørnorske forretnings- og sparebankar vart primærreservekravet for desse bankane auka frå 4 til 5 prosent i januar, til 7 prosent i mars og til 10 prosent i september. Nordnorske bankar er framleis unнатekne frå primærreservekravet.

I juni 1984 la finansministeren fram ei ny fråsegn om rentenivået på utlån frå forretnings- og sparebankar og livstrygdelag. I denne fråsegna vart den øvre grensa for gjennomsnittleg renteleige for mellomlange og langsigktige utlån sett til 12 prosent og for kortsigktige utlån til 12,6 prosent, presisert som forskottsrente med to terminar i året.

Ved utforminga av finanspolitikkene er det også for 1984 lagt opp til at auken i statsutgiftene skal minke. Frå første halvår 1983 til første halvår 1984 steig driftsutgiftene og utgiftene til investeringar med 4,6 prosent medan overføringane auka med 7,4 prosent.

Dei samle utgiftene medrekna lånetransaksjonar var 99,1 milliardar kroner i første halvår 1984. I same tidsrommet var overskottet på statsbudsjettet medrekna folketrygda 11,4 milliardar kroner, eller om lag 7,6 milliardar kroner større enn i første halvår året før. Underskottet før lånetransaksjonar korrigert (for oljeskattar og overføringar frå Noregs Bank), som viser verknadene budsjettet har på den innanlandske økonomien, var i første halvår 1984 10,5 milliardar kroner mot 10,3 milliardar kroner i den same perioden i 1983.

I kommuneforvaltninga var det ein reell vekst i den samla aktiviteten utanom sysselsetningsprogrammet på om lag 1,5 prosent frå 1982 til 1983. Dette er noko meir enn Regjeringa la opp til i budsjettopplegget sitt.

Gjennom det mellombels sysselsetningsprogrammet vart det i kommunane og fylkeskommunane brukt om lag 400 millionar kroner.

For 1984 har Regjeringa lagt opp til om lag like stor aktivitet i kommuneforvaltninga som i 1983. Det kommunale sysselsetningsprogrammet er ført vidare i 1984. I første halvår vart det stilt 394 millionar kroner til disposisjon for kommunane og fylkeskommunane.

Det er i 1984 sett i verk ei rekke reformer

som fører med seg at kommunane og fylkeskommunane har teke over ansvaret for mange nye helsetenester.

For å kompensere for overgangen til den nye kommunehelsetenesta er det i 1984 gjeve ekstraløyvingar over Skattefordelingsfondet på i alt 98 millionar kroner til kommunane. Fylkeskommunane har i 1984 fått ei ekstraløyving på 70 millionar kroner til helsetenesta.

Regjeringa held fram med arbeidet med å forenkle regelverket i kommunesektoren, og dette vil på noko lengre sikt føre med seg monalege innsparingar for kommunane og fylkeskommunane.

I 1983 vart det utbetalt om lag 89 millionar frå den statlege lønnsgarantiordninga. Talet på konkursar er framleis svært høgt. For første halvår utgjorde garantiutbetalingane om lag 82 millionar kroner.

Det vart i 1983 gjeve tilsegn om lån, garanti for lån og tilskott til arbeidsmiljøinvesteringar for til saman om lag 52,5 millionar kroner. I første halvdel i år vart det gjeve tilsegn for til saman om lag 21,5 millionar kroner.

Distriktsutbyggingsfondet gav i 1983 tilsegn om lån med 728,9 millionar kroner, tilsegn om garantiar for lån med 223,8 millionar kroner og tilsegn om investeringstilskott med i alt 422,6 millionar kroner. Vidare vart det gjeve tilsegn om 136,5 millionar kroner i tilskott til flytting, opplæring, undersøkingar og planlegging, oppstart og marknadsføring. Av dei samla tilsegnene frå fondet på 1 511,8 millionar kroner i 1983 gjekk 34,2 prosent til Nord-Noreg.

I 1983 vart det frå kap. 550, Kommunale utbyggingstiltak, gjeve tilsegn om tilskott på i alt 195,7 millionar kroner. Selskapet for industridekstanlegg (SIVA) har 14 anlegg. SIVA har dessuten teke del i planlegging og utbygging av andre utelege- og industriprosjekt. I alt hadde selskapet pr. 31. desember 1983 bygd ut om lag 212 000 m<sup>2</sup> industrilokale. Den totale sysselsetjinga i desse lokala var pr. 31. desember 1983 3 560 personar.

Under ordninga med regional transportstønad vart det i 1983 utbetalt 122,1 millionar kroner.

Pr. 1. april 1984 var det busett 94 800 utanlandske statsborgarar i Noreg. Det var 3 500 fleire enn på same tid i fjor.

I mars 1984 vart kontaktutvalet mellom innvandrarar og norske styresmakter skipa. Halvparten av medlemmene er innvandrarar og halvparten representerer norske styresmakter og organisasjonar.

Ein har gått igjennom status for arbeidet på dei viktigaste innvandrarpolitiske områda, og det er stadfest at Kommunal- og arbeids-

departementet har ansvaret for den interdepartementale samordninga av saker som gjeld innvandrarpolitikken. Regjeringa har i juni 1984 drøfta eit handlingsprogram som skal leggjast til grunn for det vidare arbeidet med innvandrarspørsmål.

Det er laga ei utgreiing om behovet for opplæring av tolkar som vil bli følgd opp med eit utdanningsopplegg. Det er lagt fram ei utgreiing om situasjonen for innvandrarbarn og -ungdom på områda skole og utdanning (grunnskole og vidaregåande skole), arbeid, fritid og oppvekstkår.

Arbeidet for å avgrense sur nedbør er intensivert. Saman med dei andre nordiske landa har Noreg komme med eit framlegg om at landa i Europa skal forplikte seg til å redusere dei årlege svovelutsleppa sine med minst 30 prosent i høve til 1980-nivået. Framlegget har hittil fått tilslutning frå 18 land.

I samarbeid med forskingsråd og -miljø er det teke initiativ for å få registrert skadar på skog som kan komme av luftureiningar.

Noreg har også arbeidd aktivt internasjontalt for å styrke arbeidet mot havureiningar.

Det har vore arbeidd for å integrere miljøomsyn i norsk hjelpeverksemd.

Det er teke initiativ til ein kortsiktig handlingsplan for å redusere ureiningane frå landbrukskretsen.

Innsatsen for å redusere ulempene ved vegtrafikk, særleg luftureining og støy, er styrkt.

Det er gjeve nye forskrifter for å få ei meir forsvarleg handsaming av spesialavfall.

Arbeidet med ein samla plan for forvaltning av vassressursane er i ferd med å bli avslutta.

Det er lagt fram eit framlegg til endring av erstatningsvedtekten i naturvernlova for å sikre dei grunneigarane som eig område som kjem inn under dei strengaste fredingsformene, eit rimeleg vederlag.

I perioden er det oppretta 49 reservat, 13 landskapsvernområde, 8 fuglefredingsområde og 1 naturminne. Det er sikra 40 område for friluftsformål.

Ved ei lovendring er det vorte lettare å få bruke snøscooter i Finnmark. Strandplanlova er gjord enklare, og betre tilpassa bygningslova.

Som eit ledd i arbeidet med å forenkle saksbehandlinga når kommunale planar skal godkjennast, har hittil noko over halvparten av kommunane i landet fått avgjerdsmakt til sjølve å godkjenne reguleringsplanane sine.

Statens nærmiljøutvalg er oppnemt på nyt, og ein arbeider med eit handlingsprogram for arbeidet i staten med nærmiljøspørsmål.

Arbeidet for å styrke kulturminnevernet er sett i gang. Særleg har oppbygginga av eit

## Forhandlinger i Stortinget nr. 2.

17

1984. 2. okt. – Åpning av det 129. ordentlige Storting

sentralorgan hos Riksantikvaren vore prioritert.

I 1984 er det gjeve ei eiga løyving til sysselsetjingstiltak innanfor arbeidet med bygningsvern.

Det er vedteke forskrifter om vern av naturmiljøet på Svalbard.

Ekspropriasjonserstatningslova av 6. april 1984 tok til å gjelde 1. juli 1984. Lova fører til ei klar forenkling av regelverket i høve til den tidlegare lova. Det er vedteke ei ny konkurslov.

Maksimumstraffen for omsetning av narkotika er heva til 21 år, og den øvre straffearamma for ran er sett opp til 12 år.

Endringane i angrefristlova tok til å gjelde 1. juni 1984. Endringane har til følge ei monaleg utbygging av forbrukarvernet etter lova.

Det er kome i stand eit nærmare samarbeid mellom kommunane og politiet gjennom formaliserte samarbeidsutval.

Kampen mot økonomisk kriminalitet er intensivert m.a. ved at det er skipa eit samarbeidsorgan for dei etatane det gjeld, og ved at det er oppretta nye stillingar i politiet og påtalemakta.

Forskolen for sivile tenestepliktige, som er den første i sitt slag i Noreg, vil bli teken i bruk til ordinær undervisning midt i september 1984.

Fengselskapasiteten er utvida ved at ein har teke i bruk Bastøy som open fengselsanstalt.

Det er etablert treningscenter for innsette med tanke på auka fysisk aktivitet under soininga. Undervisningstilbodet for dei innsette er utvida, og det er etablert eit samarbeid med arbeidskraftstyremaktene for å lette overgangen frå fengselet til arbeidslivet. Tilsynet med dei som er sette fri på prøve, er utvida og intensivert.

Eit prøveprosjekt med samfunnsteneste som straffereaksjon vart starta våren 1984 i Rogaland.

Samerettsutvalet har komme med innstilling om eit eige grunnlovsvedtak om rettsstillinga for samane og om eit representativt organ for samane. Arbeidet med å følgje opp innstillinga er i gang.

Stønadssatsane i barnetrygda vart høgda med mellom 8 og 9 prosent frå 1. januar 1984. Det vart innført eit tillegg for einslege forsørjarar i staden for den tidlegare ordninga med stønad for eitt barn meir enn det faktiske barnetalet for den som er åleine om om-sorga for barn.

Grunnbetøpet i folketrygda vart sett opp frå kr 22 600 til kr 24 200 med verknad frå 1. mai 1984. Det gjennomsnittlege grunnbetøpet for året aukar då med 6 prosent frå 1983 til 1984.

Frå same tid vart satsen for særtillegg sett opp med ei prosenteining, slik at minstepensjonen aukar med 6,9 prosent frå 1983 til 1984.

Pensjonane frå pensjonstrygda for sjømenn til pensjonistar under 67 år og krigsfartstillegget vart høgda frå 1. mai 1984 i samsvar med auken av grunnbetøpet i folketrygda.

Frå 1. januar 1984 er det gjennomført einskilde avgrensingar i retten til sjukepengar, med bortfall av sjukepengar under lovbestemt ferie og til personar over 67 år som tek ut full alderspensjon.

Frå 1. mars 1984 er det gjennomført visse justeringar som gjeld vedtaka i folketrygda om eigenmelding ved sjukdom.

Den rådgjevande legetenesta ved trygdekontora er styrkt i 1984. Dette er eitt av fleire tiltak som er sette i verk innanfor trygdeetaten med sikte på ei meir effektiv oppfølgjing av dei langtidssjukmelde.

Ordninga med ein minste garantert tilleggspensjon til personar som er fødde uføre eller er vortne uføre i ung alder, vart utvida frå 1. januar 1984, slik at den no omfattar personar som er vortne uføre før dei fylte 21 år.

Frå 1. juli 1984 er det innført ei ordning med trygdestønad til personar med sterkt avvikande kroppsform i samband med innkjøp av grunnmønster for klede.

Frå 1. april 1984 er det gjeve forskrifter om avgrensing av dei eigendelane ein person skal betale for helsetenester i eit kalenderår.

Dei tenestene ordninga gjeld, er legehjelp, psykologhjelp, viktige legemiddel, reiser som folketrygda dekkjer, og tekniske og andre hjelphemiddel med stønad frå folketrygda.

Den einskilde skal ikkje betale meir i eigendelar for desse tenestene enn dei summane som Stortinget har fastsett som utgiftstak for året.

I 1984 er det gjennomført lovendringar i pensjonssystemet som har gjeve ein viss reduksjon i veksten av trygdeutgiftene og samtidig gjort den tekniske utforminga av systemet enklare. Her kan ein særleg nemne at ordninga med ventetillegg i alderspensjonen er oppheva. Det same er gjort med særreglane for utrekning av tilleggspensjon til ektefeller, og det er innført redusert barnetillegg til pensjonistar med yrkesaktiv ektefelle.

Avtalen om sosial trygd mellom Noreg og USA tok til å gjelde 1. juli 1984.

Ved utgangen av 1982 var 10 106 barn og unge under vernetiltak av barnevernsnemndene. Av dette var 4 526 nye vernetiltak som vart sette i verk i 1982.

Sosialkontora ytte sosialhjelp i godt og vel 80 000 tilfelle i 1982. Det er vel 11 000 fleire enn året før. I gjennomsnitt var det 19 stønadstilfelle pr. 1 000 innbyggjarar, mot 17 året før.

For 1984 er tilskottet til sosialtenesta i kommunane på 1 040 millionar kroner.

Løyvingane til etablering og drift av krisenter og krisetelefonar er auka.

I 1982 var det i alt 24 400 som vart innglagde i alkoholinstitusjonar, og av desse om lag 14 400 i avrusningsstasjonar. Om lag 19 000 vart melde til edruskapsnemndene, og av desse var om lag 1 650 kvinner.

Om lag 148 000 heimar fekk hjelp under hjelpeordningane for heimane i 1982, mot om lag 149 000 i 1981. Det var om lag 8 700 pensjonærar i aldersheimar i 1982 mot om lag 8 000 i 1981.

I 1983 tok Noreg imot 879 flyktninger. Av desse var det 715 sør austasiatar. Inntaket i 1984 vil bli på om lag 800 personar.

Lovverket om helsetenesta i kommunane tok til å gjelde 1. januar 1984, samtidig med endringane i sjukehuslova som medfører at ansvaret for spesialistlegenesta, laboratorie- og røntgentenesta er lagt til fylkeskommunen. Like eins tok lov om tannhelsetenesta til å gjelde ved årsskiftet.

Med heimel i kommunehelsetenestelova er det gjeve forskrifter om sjukepleitenesta, helsetenesta i skolen, verksemda ved helsestasjonane m.m.

Det er gjort framlegg om vedtekter for organisering og ansvarsforhold som gjeld transporttenesta i helsestellet gjennom ei endring av sjukehuslova.

Reglar for det statlege tilsynet med helsetenesta er gjevne i ei eiga lov.

Det er løyvt midlar til Aksjon venteliste med sikte på å redusere ventelistene i ortopedi og revmakirurgi.

Det er nedsett eit etterprøvingsutval for medisinske genetiske servicefunksjonar.

I kyrkja er det no 1 100 prestestillingar og 73 kateketstillingar. Feltpreststillingane er her ikkje rekna med. Det er tilfredsstillande tilgang på sokjarar til dei fleste ledige stillingane.

I skoleåret 1984–85 er det om lag 545 200 elevar i grunnskolen og 178 000 elevar i den vidaregåande skolen. For grunnskolen gjekk elevtalet ned med 15 200 samanlikna med året før.

Stadig fleire funksjonshemma elevar får no opplæring i den vanlege skolen. I skolane for spesialundervisning og ved sosiale og medisinske institusjonar går talet på elevar i alderen 7–16 år framleis ned.

Stimuleringsstiltaka for å betre lærarsituasjonen i Nord-Noreg er forlengd for Nordland, Troms og Finnmark. Tiltaka har hatt god verknad i Nordland og Troms. For Finnmark syntest situasjonen å vere noko betre enn tidlegare år.

I den vidaregåande skolen aukar enno søkjartalet av di ungdomskulla blir større og av di fleire søker skolegang fordi dei ikkje får arbeid.

Også hausten 1984 har det derfor vore naudsynt å setje i verk spesielle tiltak for å skaffe plass til fleire elevar. Ved særtiltak er det skipa om lag 7 500 elevplassar i nye klasser. Andre tiltak gjev 1 000 elevplassar i tillegg.

Kommunar som set i gang nye 10. klasser i grunnskolen, får eit ekstra tilskott.

Etter forslag frå ei interdepartemental arbeidsgruppe er det sett i verk tiltak for å skaffe fleire lærlingplassar og for å styrke fagopplæringa i arbeidslivet.

Det er sett i verk ein eigen plan for innføring av datateknologi i grunnskolen og den vidaregåande skolen. Det er vidare lagt fram eigne stortingsmeldingar om pedagogisk utviklingsarbeid og om vidaregående opplæring.

Frå skoleåret 1984–85 er det 86 folkehøgskolar.

Det er sett i verk ei forsøksordning med å integrere vanlege folkehøgskolekurs med arbeidsmarknadstiltak for arbeidslaus ungdom.

Det har vore lagt vekt på å byggje ut førestegongsutdanninga for vaksne funksjonshemma i skoleverket. Særleg har det vore arbeidd med å betre tilbodet til psykisk utviklingshemma som bur i institusjonar.

42 opplysningsorganisasjonar har no allmenn rett til statstilskott.

Det er verksemd i 29 godkjende norske brevkolar.

Utgiftene til høgare utdanning og kulturforsk på statsbudsjettet for 1984 er om lag 6,9 milliardar kroner. I tillegg blir det innvilga lån for om lag 2,5 milliardar kroner frå Statens lånekasse for utdanning.

Talet på studentar i høgare utdanning er om lag 90 000. Av desse er om lag 6 300 i utlandet. Då er verknaden av dei ekstraordinære løyvingane til sysselsetjingstiltak, som førte til meir enn 2 100 nye studieplassar, rekna med.

Ved dei regionale høgskolane er det hausten 1984 om lag 43 400 studentar. Då er dei institusjonane som utdanner helsepersonell på høgskolenivå, rekna med. Dei har no om lag 8 300 studentar. Det er om lag 7 800 studentar ved distrikthøgskolane og 6 100 ved ingeniørhøgskolane. Det går nærmare 1 100 studentar i maritim høgskoleutdanning og i fiskeriteknisk høgskoleutdanning. Ved dei pedagogiske høgskolane er opptaket til allmennlærarutdanninga redusert for tredje året på rad.

Samla studenttal ved desse høgskolane er no 12 150. Ein del av dei frigjorde ressursane går til etterutdanning og skoleutviklingsarbeid.

Det er lagt vekt på å skape betre lokalforhold ved høgskolane i Nord-Noreg. Høgskolen i Alta og lærarhøgskolen i Nesna kan i haust ta i bruk nye lokale.

Ved universiteta og dei andre høgskolane er det hausten 1984 om lag 43 100 studentar. Dei teknologiske studia ved universitet og høgskolar er gjevne høgaste prioritet og søknaden frå studentane er stor. Også til økonomiske og administrative fag og til jus aukar studenttilgangen kraftig.

Under tildelinga av ekstraordinære løvviningar til sysselsetjingstiltak i 1984 har departementet prioritert desse fagområda, men ein har også teke omsyn til geografisk spreiing. I denne samanhengen har ein lagt vekt på å styrke studietilboda ved Universitetet i Tromsø.

Det er no sett i gang planlegging av sivilingeniørutdanning i Stavanger. Den skal byggje på ingeniørutdanninga ved Rogaland distrikshøgskole og Stavanger ingeniørhøgskole, som i haust tek i bruk eit stort nybygg.

I Bodø er det sett i gang planlegging av siviløkonomiutdanning.

Til forskningsformål vart det i 1983 delt ut 250 millionar kroner av tippemidlane. Av dette fekk Noregs allmennvitenskaplege forskingsråd 105,78 millionar kroner, Noregs landbruksvitenskaplege forskningsråd 54,12 millionar kroner og Noregs teknisk-naturvitenskaplege forskingsråd 86,1 millionar kroner.

I 1983–84 har Statens lånekasse for utdanning delt ut lån og stipend for om lag 3,3 milliardar kroner. Satsen for studiestønad til elevar og studentar er for undervisningsåret 1984–85 kr 3 370 pr. månad.

Det er fordelt om lag 17,5 millionar kroner til bygging av studentbustader. 4 millionar kroner av løvingane er brukte til å auke statstilskottsdelen for eldre studentbustader. For 1984 er det fordelt 22,3 millionar kroner i tilskott til velferdsarbeid for studentar. I alt 2,8 millionar kroner er for første gong brukte for å legge til rette for studiar i utlandet.

I 1984 vil 450 kunstnarar komme inn under ordninga med garantiinntekt. Det blir gjeve stipend til 667 kunstnarar, og i tillegg har 10 livsvarige kunstnarlønner. Til saman vil 1 127 kunstnarar komme inn under støtteordninga.

Nasjonalgalleriet vart i 1983 besøkt av om lag 109 300 personar.

Riksgalleriet hadde 20 utstillingar på vandring i 1983. Utstillingane vart viste på 384 stader, og det var om lag 122 700 som såg dei. Førebuingane med det framtidige museet på Bankplassen i Oslo er sett i gang.

I 1984 er det oppretta fire nye musikarstillingar ved dei fire symfoniorkestra som får statsstøtte. I alt er det 253 faste musikarstil-

lingar ved desse orkestra. Publikumsbesøket ved orkesterkonsertar var om lag 180 000 i 1983. Riksconsertane hadde eit besøkstal på rundt 1 100 000.

Dei offentleg støtta teatra hadde i 1983 eit samla publikumsbesøk på om lag 1 158 000. Av dette var det om lag 97 000 som såg på Riksteatret på dei eigne framsyningane dette teatret hadde.

Publikumstalet ved kinoane var om lag 14 700 000. Av desse såg rundt 873 000 norske filmar.

Samla utlån frå folke-, fylkes- og skolebiblioteka var om lag 24 131 000.

I 1984 får 286 musé statleg stønad gjennom tilskottsordninga for halvoffentlege muse. Desse, saman med dei fem store musea som står utanfor tilskottsordninga, og ni statsmusé, får til saman om lag 94 millionar kroner frå staten. Universitetsmusea og ei rekke etatstmusé kjem i tillegg. Besøkstalet var i 1983 rundt 3 900 000.

Prøvene med uavhengige kringkastingsformer er ført vidare i ein ny toårsperiode frå 1. september 1984. Talet på konsesjonsområde og konsesjonshavarar for nærradio og lokalfjernsyn er monaleg utvida.

Den delen av overskottet i Norsk Tipping A/S som gjekk til idrettsformål i 1984, var 261 millionar kroner. Det er ein auke på 38 millionar kroner i høve til året før. Av summen til idrettsformål gjekk 139,3 millionar kroner til idrettsanlegg, 108,5 millionar kroner til Norges Idrettsforbund og 13,2 millionar kroner til andre idrettsformål.

Av summen til idrettsanlegg gjekk 131 millionar kroner til idrettsanlegg i fylka. Det vart gjeve tilskott til i alt 807 anlegg, mellom anna 49 idrettshallar, 13 symjehallar og 37 samfunnshus.

I samband med statsbudsjettet la Regjeringa fram ein eigen handlingsplan for ungdom. Formålet med planen var å gje eit oversyn over prioriteringane innanfor ungdomsfeltet for dei ulike departementa.

I statsbudsjettet løvvde Stortinget 19,8 millionar kroner som statstilskott til fritidsklubbane. Det er no i alt 640 fritidsklubar for barn og ungdom i 200 kommunar. Det er ein auke på 73 klubbar frå 1983. For å halde løvingane på 1983-nivå, fremja Regjeringa ein tilleggsproposisjon i mai med framlegg om ein auke på 2,1 millionar kroner.

Kultur- og vitenskapsdepartementet fordele 29,4 millionar kroner til 67 barne- og ungdomsorganisasjonar i 1984.

For 1984 løvvde Stortinget over statsbudsjettet 13 millionar kroner til lokale kulturbypigg. Etter innstilling frå fylkeskulturstyra vart midlane fordele på 58 av i alt 173 sokja-

rar. Av overskottet av tippemidlane vart det i 1984 fordelt 6,8 millionar kroner til 37 lokale kulturbrygg med idrettsfunksjonar.

**Presidenten** mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte: Deres Majestet, Deres Kongelige Høyhet!

Stortingets sammentreden fant denne gang sted dagen etter at Deres Majestet og Kronprinsfamilien deltok ved Stortingets markering av 100-årsjubileet for parlamentarismen. Jeg vil gjerne i dag benytte anledningen til å takke for den oppmerksamhet og interesse Deres Majestet alltid viser Stortinget og dets arbeid, og den nære kontakt og gjensidige respekt som i vårt land preger forholdet mellom Kongehuset og nasjonalforsamlingen.

Det 129. ordentlige Storting, som Deres Majestet nå har åpnet, er det fjerde og siste i denne valgperioden.

Dette Storting går til sin ansvarsfulle gjerning i en tid som fremdeles preges av økonomiske problemer hjemme og ute. Det vil være en høyt prioritert oppgave for Stortinget å søke å motvirke den høye arbeidsledigheten og å sikre næringslivets utvikling. Dette vil stille store krav til representantenes evne til samarbeid og til å treffen beslutninger som kan bli til gagn for landet.

Den internasjonale situasjonen er preget av alvorlige konflikter i mange deler av verden. Stor internasjonal innsats vil være nødvendig for å løse eller lindre disse problemer, noe

som også vil være en utfordring og forpliktelse for Norge og det norske folk. Stortingets samvittighetsfulle medvirkning i dette arbeid er en selvfølge.

Trontalen viser at mange og store saker vil komme opp til behandling. I enkelte av sakene vil det sikkert være forskjellige oppfatninger blandt representantene. Men jeg er sikker på at hver enkelt av oss vil ha landets beste for øye, og at vi vil bestrebe oss på at våre beslutninger og vårt virke må bli til gagn for vårt land og folk og bli et bidrag til beste for mennesker i de deler av verden der ufred, undertrykkelse og nød hersker.

I forvissningen om at representantene vil gjøre sitt ytterste for å bidra til å løse de mange store oppgaver som ligger foran oss, samler vi oss i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer stemte dette ønske.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

**Presidenten:** Før dette møte heves, foreslår presidenten at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrrelse utlegges for å behandles i et senere møte. – Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.35.